

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 15.09.2014  
**Tid:** 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 08.09.2014

Bjørn Otterlei  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 38/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 39/14	Protokoll frå førre møte
PS 40/14	Referatsaker
PS 41/14	Søknad om kulturmidlar - disposisjonspost, Toftetunet/Myklebusttunet
PS 42/14	Søknad Kulturmidlar – driftstilskot til born og unge – song og musikk 2014
PS 43/14	Søknad om RDA- midlar. Flytebrygger. Herøy Kystlag.
PS 44/14	Søknad Kulturmidlar – disposisjonspost, teaterframsyning for barnehageborn i Herøy
PS 45/14	Søknad om kulturmidlar - disposisjonspost, kulturhelg i Molde 2014
PS 46/14	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvestering, Herøy Biljardklubb
PS 47/14	Avgrensa revidering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
	Referatskriv:
RS 7/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 8/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 9/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 10/14	Svar på søknad om tilskudd 2014
RS 11/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 12/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 13/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 14/14	Avslag på søknad om tilskot 2014
RS 15/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 16/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 17/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 18/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 19/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 20/14	Svar på søknad om tilskot 2014

RS 21/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 22/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 23/14	Svar på søknad om tilskot 2014
RS 24/14	Svar på søknad om tilskot 2014

PS 38/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 39/14 Protokoll frå førre møte

PS 40/14 Referatsaker



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2012/1568
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, TOFTETUNET/MYKLEBUSTTUNET

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Toffetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 25 t. til støttekontakt, samt til dekning av køyreutgifter i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2014.
2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost
3. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre.

Særutskrift:  
Toffetunet – Myklebusttunet, Gerd Kopperstad  
Økonomileiar, Geir Egil Olsen

**Vedlegg:**

Søknad om økonomisk stønad til støttekontakt for 3 brukarar (uprenta)

**Saksopplysningar:**

Tre bebuarar ved Toffetunet - Myklebusttunet har gjennom mange år vore deltakarar i framsyninga av Herøyspelet Kongens Ring. Støttekontakt(er) ser til bebuarane og fraktar dei til og frå øving og framføring. Opplaget har fått tilskot frå kulturmidlane gjennom alle år.

Bebuarane har gjennom alle år uttrykt stor glede av å få vere med og å vere ein del av den flotte framsyninga "Kongens Ring".

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen meiner dette er ein flott måte å integrere personar med særskilte behov inn i eit aktivt og flott miljø, og at støttekontakt(er) kan bidra til dette.

Rådmannen tilrår at støttekontakt(er) får dekt 25 t. for arbeidet, i tillegg til køyreutgifter. Tilskotet vert betalt ut når timelister og reiserekning ligg føre.

Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

**Vurdering og konklusjon:**Konsekvensar for folkehelse:

Toftetunet – Myklebusttunet og støttekontakt(er) legg til rette for at personar med særskilte behov blir inkludert, og kan delta på ein viktig møteplass og i ein utviklande og sunn aktivitet. Dette er forventa å vere eit viktig bidra til folkehelsa både for bebuarane og støttekontakta, og ikkje minst for resten av aktørane, frivillige i Herøyspelet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2014.

Fosnavåg, 21.08.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2014/526
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### SØKNAD KULTURMIDLAR – DRIFTSTILSKOT TIL BORN OG UNGE – SONG OG MUSIKK 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Komiteen for næring, kultur og idrett vedtar revidert framlegg til fordeling av kulturmidlar – driftstilskot born og unge – song og musikk 2014.
2. To medlemmar frå komiteen og kulturleiar utarbeider nytt forslag til «Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Herøy kommune». Medlemmar frå komiteen er:
  - 1)
  - 2)

Særutskrift:

Søkjarar til kulturmidlar – driftstilskot born og unge – song og musikk 2014

Lene Utseth

Geir Egil Olsen

**Vedlegg:**

Kulturmidlar skjema song og musikk (som vedtatt i førre møte) - uprenta  
Kulturmidlar skjema song og musikk forslag til ny utrekning

**Saksopplysningar:**

Komiteen for næring, kultur og idrett fekk i førre møte framlagt referatsak om tildeling av kulturmidlar – driftstilskot til born og unge 2014.

Ved nærare ettersyn viser det seg at to av mottakarane til song og musikk ligg i grenseland for å kvalifisere til mottak av midlar, og rådmannen ber difor komiteen vurdere tildelinga på nytt.

**Vurdering og konklusjon:**Retningslinjer:

Retningslinjer for tildeling av driftstilskot i samband med tiltak for born og unge vert utrekna basert på tal medlemmer over og under 20 år. Vidare seier dei at organisasjonar som tradisjonelt berre har medlemmer over 20 år ikkje kan søkje om driftstilskot. Retningslinjene set ikkje øvre aldersgrense for mottak av tilskot.

Om vi ser på nasjonale (barne og) ungdomsorganisasjonar, finn ein ofte at 30 år er øvre grense for aktivt medlemskap. For eksempel: Changemaker (13-30 år), Røde Kors (13-30 år), Redd Barna/Press (15-25 år),

Rådmann ber komiteen vurdere om det vil vere tenleg at retningslinjene vert revidert. Den viktigaste grunnen til dette er at det i kommunen sine målsetningar er uttalte mål om ekstra satsing på born og unge, og at vi har ei oppgåve i å lege til rette for å nå desse måla. Vidare kan ein sjå føre seg at denne gruppa vil ha vanskelegare for å setje i gong store og inntektsgivande tiltak, kontra kva lag og organisasjonar med mange vaksne kan greie.

Tildelingar:

I vedlagte oppsett vil de sjå at to av søkjarane, Herøy Brass og Herøy Janitsjar, berre har ein person kvar under 20 år. 2014 er fyrste året Herøy Brass søker om tilskot. Herøy Janitsjar hadde fire personar under 20 år i 2013, og fekk tilskot då. Dei har også motteke tilskot tidlegare.

Ei tildeling i 2014 vil medføre ei samla utbetaling til desse to korpsa på kr. 19 130. Dette medfører ca. 25 % av det totale tildelingsbeløpet på kr. 80 000 til aktivitetar for born og unge innan song og musikk.

Rådmannen anbefaler komiteen å seie nei til å yte tilskot til Herøy Brass og Herøy Janitsjar for 2014, med grunngjeving i retningslinjene og korpsa sine moglegeheiter til å skaffe inntekter på anna vis.

Herøy Brass og Herøy Janitsjar vert oppmoda til evt. å søke andre tilskotsordningar frå kulturmidlane.

Konsekvensar for folkehelse:



Tilskot til aktivitetar for born og unge bidrar til sunne fritidsaktivitetar og positive opplevingar saman med andre. Dette veit vi gir god folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2014.

Fosnavåg, 04.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2014		SONG OG MUSIKK							
	BORN	VAKSNE	TILSLUTNING	MØTEFR.	TILSKOT TIL	INNTEKT 13	UTGIFT 13	TILSKOT 13	TILSKOT 14
Spellmannslaget Havella	18x1	11x0,5	folkOrg	20-30	Drift	88526	33247	NY	3580
Herøy Gospelkor	13x1	7x0,5	ikkje oppgitt?	1 g pr vk	Drift	21327	17276	NY	2514
Herøy Brass	1	30	NMF	40	Drift	190 627	95 918	NY	Avslag
Bergsøy Skulekorps	32x5	11x2,5	NMFK	1 g pr vk	Drift	347 350	305 347	19 419	28 571
Herøy Janitsjar	1	32	Korpsnett No.	1 g pr vk	Drift	411 045	384 920	11 054	Avslag
Baluba/ Lisjefrik	86x1	3x0,5	Frikyrkjas BU	20	Drift	77 430	71 799	9 739	13 333
Jøleik skulemusikkorps	17x5	8x2,5	NMF	80 t pr år	Drift	347 350	305 347	9 560	16 000
Kvalsvik/ Nerlandsøy M.korps	18x5	6x2,5	Korpsnett No.	40	Drift	428 438	280 686	12 249	16 000
	452	73							79998

Kulturmidlane er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningslinjer vedtatt i F-sak 75/11

For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot vere levert innan fristen som er sett.

Interkommunal verksemd får ein grunnstønad på kr 400,-

Avsette midlar til song og musikk 2014 er kr 80 000,-

Antal born i korps er vekta 5:1, vaksne 2,5, born i song/ kor er vekta 1:1, vaksne 0,5. Totalt antal vert då delt på totalt avsette midlar.

**Avslag** - sjå eige saksframlegg til komite for næring, kull

80 000:690= 115,94 pr aktiv medlem



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/1026
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### SØKNAD OM RDA- MIDLAR. FLYTEBRYGGER. HERØY KYSTLAG.

#### Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 890.000,- til Herøy Kystlag sitt prosjekt med betongbrygger utanfor det nye hotellet, simulatorsenteret og konserthuset i Fosnavåg (ref. mål 1. b og 2. a i handlingsplanen).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2015. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapa skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta

i samsvar med regelverket.

#### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

#### Særutskrift:

- Herøy Kystlag v/ Robert Voldnes
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomiavdelinga
- Assisterande rådmann

**Vedlegg:**

- Søknad frå Herøy Kystlag.

**Saksopplysningar:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling 22.08.14:

*«Styret i Herøy Næringsforum innstiller kr 890.000,- til Herøy Kystlag sitt prosjekt med betongbrygger utanfor det nye hotellet, simulatorsenteret og konserthuset i Fosnavåg (ref. mål 1. b og 2. a i handlingsplanen).»*

Handlingsplanen det er referert til, er handlingsplan 2015.

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 04.09.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

## Søknad

Søknadsnr.	2014-0041	Søknadsår	2014	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Gjestebrygger ved hotellet i Fosnavåg			

### Kort beskrivelse

Kjøpe og legge ut betongbrygger ved det nye hotellet i Fosnavåg sentrum

### Prosjektbeskrivelse

Prosjektet går i at der bør vere ei allmenn flytebrygge ved det nye hotellet.

Kystlaget driftar frå før dei andre bryggene i sentrum og vi kan ta på oss å gjere dette med den nye brygga også.

Betongbrygge av topp kvalitet

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Herøy Kystlag Org.nr:988389455	boks 39 6099 FOSNAVÅG	90658517
Kontakt- person	robert voldnes	nedre Bergslia 3 6091 FOSNAVÅG	90658517
Prosjekt- leder	robert voldnes	nedre Bergslia 3 6091 FOSNAVÅG	90658517

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

2013 Herøy Kommune 10.000.- fotoarbeid

2012 Herøy Kommune 60.000.- båtvogn

Men aldri fått RDA stønad, og aldri til dette prosjektet.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Nytt hotell i Fosnavåg, auka behov for kaiplass for båtar i nærleiken av hotellet.

### Prosjekt mål

å få lagt ut brygger til hotellet vert tatt i drift i byrjinga av oktober 14

### Forankring

Der er semje i styret i Herøy Næringsforum om at dette er eit viktig og godt tiltak for sentrum av Fosnavåg.

Hotellet har og profilert seg med brygger i front.

#### Prosjektorganisering

Det er styret i Herøy Kystlag som står bak prosjektet.

Robert Voldnes er prosjektleiar.

#### Samarbeidspartnere

Det er Kystlaget som står for dette i forståing med Fosnavåg Vekst og det nye hotellet

#### Aktiviteter

Legge ut og halde vedlike ei betongbrygge ved det nye hotellet i Fosnavåg

#### Målgrupper

Bryggene vert fine å nytte for folk som kjem sjøvegen til Fosnavåg, men og for folk som er i sentrum.

#### Resultat

Auka trivsel i Fosnavåg, betre kapasitet for tilreisande båtar

#### Effekter

Positivt for bulyst i Fosnavåg, men og for dei som reiser med båt.

Vil og bidra positivt til Herøy Kystlag si drift.

Positivt for heile regionen, vil kunne drage til seg båtfolk som og vil besøke andre stadar lokalt og regionalt.

### Tids- og kostnadsplan

#### Tidsplan

Bestilling, deretter 4 vekers leveringstid og deretter utlegging og forankring.

#### Kostnadsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
innkjøp og utlegging						
totalt	890 000					890 000
innkjøp og utlegging						
totalt						0
<b>Sum kostnad</b>	<b>890 000</b>					<b>890 000</b>

#### Finansieringsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Herøy kommune	890 000					890 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>890 000</b>					<b>890 000</b>

### Geografi



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2014/1343
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### SØKNAD KULTURMIDLAR – DISPOSISJONSPOST, TEATERFRAMSYNING FOR BARNEHAGEBORN I HERØY

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Barneveka 2014 i Herøy får tilskot på kr. 16 500 til dekning av teaterframsyning for barnehageborn. Tilskotet vert gitt som del av Herøy Folkebibliotek si satsing for å medverke til leseaktivitet og språkstimulering for born, foreldre og tilsette i barnehagar.
2. Tilskotet vert utbetalt når det ligg føre kvittering på gjennomført framsyning.
3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

Særutskrift:  
Barneveka 2014 v/ Myrsnipa barnehage  
Økonomileiar, Geir Egil Olsen



**Vedlegg:**

Søknad om støtte til teaterbesøk til barnehagane.

**Saksopplysningar:**

Kvart år opprettar barnehagestyrarane i Herøy ein komité for Barneveka. Målet med barneveka er å legge til rette for kulturaktivitetar som kino, teater og idrettsdagar for alle barnehageborn i Herøy. Dette er ein mangeårig tradisjon.

Dei siste åra har barnetalet i barnehagane auka, og styrarane opplever det som kjekkare å få t.d. teater ut i barnehagen i staden for å samle alle på Kulturhuset. For barnehagane på Moltu, Myrvåg og Leikong handlar det og om skyss, og muligheit for å kome seg dit. Det blir fort ganske kostnadskrevjande.

I år planlegg komiteen for Barneveka å nytte eit teater som reiser rundt til barnehagar og held førestillingar. Dei ynskjer å arrangere to førestillingar ved Grønmyr barnehagar, og ei førestilling ved Myrsnipa barnehage. Dei andre barnehagane besøker dei som er nemnt her.

Kvar førestilling kostar kr 5 500,-. Komiteen søker om dekning av teaterkostnadar på kr 16 500, og så tek barnehagane kostnadar for skyss sjølve.

**Vurdering og konklusjon:**

I fylgje retningslinene for kulturmidlar kan det gjevast tilskot til særskilte arrangement.

Herøy Folkebibliotek har for det komande året etablert ei satsing for å medverke til leseaktivitet og språkstimulering for born, foreldre og tilsette i barnehagar, samt å etablere ein levedyktig kultur for lesing i barnehagane. Mål og tiltak er utforma i samarbeid med barnehagane i Herøy.

Eit av tiltaka er at alle barnehageborn skal få formidlingstilbod om eit forfattar-, forteljar- eller teaterbesøk i året, anten på biblioteket eller i andre lokalar.

Satsinga vert gjennomført med ein kombinasjon av allereie budsjetterte midlar i bibliotek og barnehagar, samt med eksterne midlar.

Søknaden frå Barneveka 2014 vert vurdert å vere eit viktig bidrag for at born og unge skal bli betre kjent med språket vårt.

Barneveka 2014 i Herøy får tilskot på kr. 16 500 til dekning av teaterframsyning for barnehageborn.

Tilskotet vert utbetalt når det ligg føre kvittering på gjennomført framsyning.

Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Gode språkopplevingar er viktig for å medverke til auka leseaktivitet og språkstimulering. Kan du lese og kommunisere godt med andre vil det bidra til god folkehelse både for deg sjølv og dei du er saman med.

**Konsekvensar for beredskap:**

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2014.

Fosnavåg, 04.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Til

Myrvåg 25.08.14

Herøy kommune

Kulturleiar

Søknad om støtte til teaterbesøk til barnehagane.

Kvart år opprettar vi styrarane ein kommitè for Barneveka, som skal arrangere kino, teater og idrettsdagar for alle barnehagane i Herøy. Dette har vi hatt som tradisjon i mange år.

Dei siste åra har barnetalet i barnehagane auka, og vi opplever det som kjekkare å få t.d. teater ut i barnehagen i staden for å samle alle på Kulturhuset. For barnehagane på Moltu, Myrvåg og Leikanger handlar det og om skyss, og muligheit for å kome seg dit. Det blir fort ganske kostnadskrevjande.

No har vi eit teater som reiser rundt i barnehagane, og kommitèen for Barneveka planlegg 2 førestillingar ved Grønmyr barnehage, og ei førestilling ved Myrsnipa barnehage. Dei andre barnehagane kjem til desse to.

Kvar førestilling kostar kr 5.500,-

Vi søker om dekning av teaterkostnadar på kr 16.500, og så tek barnehagane kostnadar for skyss sjølve.

Håpar på positivt svar!

Mvh

For Barneveka 2014

Reidun Myrvågnes



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2014/1310
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, KULTURHELG I MOLDE 2014**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Tofтетunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av kr. 2 000 til kvar av deltakarane i høve kulturhelga i Molde. Totalt 7 pers. x kr. 2 000 = kr. 14 000.
2. Tilskotet vert utbetalt når kvitteringar for opphaldet og samla rekneskap for alle deltakarane til arrangementet ligg føre.
3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

Særutskrift:  
Tofтетunet – Myklebusttunet, Gerd Kopperstad  
Økonomileiar, Geir Egil Olsen

**Vedlegg:**

Søknad, kulturhelga i Molde sep. 2014 (uprenta)

**Saksopplysningar:**

[Kulturhelga i Molde](#) vert arrangert 12-14. september 2014. Den er eit årleg arrangement for utviklingshemma, med tilbod om kurs i ulike kulturaktivitetar. Bebuarane opplever kulturhelga som eit svært positivt tiltak og som dei gler seg til kvart år.

Frå Toftetunet og Myklebusttunet deltek 7 bebuarar, pluss ledsagarar. Kostnad pr. person er ca. 3 000. I tillegg kjem reiseutgifter, leigebilar, ferger o.a.

**Vurdering og konklusjon:**

I fylgje retningslinene for kulturmidlar kan det gjevast tilskot til kurs etter søknad.

Kulturhelga i Molde, er det største arrangementet for utviklingshemma som vert arrangert mellom Bergen og Trondheim. Det har vore gjennomført årleg sidan 1994, då det vart endra frå Sommarleikar for psykisk utviklingshemma.

Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av kr. 2 000 til kvar av deltakarane i høve kulturhelga i Molde. Totalt 7 pers. x kr. 2 000 = kr. 14 000.

Tilskotet vert utbetalt når kvitteringar for opphaldet og samla rekneskap for alle deltakarane til arrangementet ligg føre.

Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Toftetunet – Myklebusttunet legg til rette for at personar med særskilte behov får høve til å delta på ein viktig møteplass og i utviklande og sunne aktivitetar. Kurset er forventa å vere eit viktig bidrag til folkehelsa for deltakarane.

**Konsekvensar for beredskap:**

Ingen.

**Konsekvensar for drift:**


Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2014.

Fosnavåg, 02.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2014/588
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.09.2014

### SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING, HERØY BILJARDKLUBB

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy Biljardklubb får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 33 500 til utstyr og inventar til sitt klubblokale.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt, samt husleigeavtale mellom huseigar og Herøy Biljardklubb.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.

Særutskrift:  
Herøy Biljardklubb  
Økonomileiar, Geir Egil Olsen

## **Vedlegg:**

Søknad om tilskot frå Herøy Biljardklubb  
Prospekt Herøy Biljardklubb (uprenta)

## **Saksopplysningar:**

### Om klubben:

Herøy Biljardklubb blei stifta 08.08 1992. Klubben er medlem av Norges Biljardforbund, registrert i Enhetsregisteret, og mottakar av grasrotandelen frå Norsk Tipping. Klubben har hatt ei auke i tal medlemmar, noko som vert speila blant anna gjennom grasrotandelen siste kalenderår.

### Målsettingar

Herøy Biljardklubb planlegg å drive på «non-profit» basis, der evt. overskytande midlar vert brukt på tiltak som kjem medlemmane direkte til gode til utstyr, deltaking ved turneringar, tilpassing for trening m.m. Det vil ikkje bli brukt midlar til anna enn tiltak som frontar verdiane om eit rusfritt miljø. Som medlem i Norges Idrettsforbund og som idrettslag pliktar vi å ha politiattest for å utøve rekrutteringsarbeid, og ha leddarar som er informert om normene for korrekt ungdomsarbeid.

Herøy Biljardklubb ynskjer å vere ein føregangsklubb og ta vare på ei stolt historie, og har som mål å ha utøvarar i Norges-toppen og på yngre landslag innan 2020. Klubben vil fronte MOT sitt arbeid, og drive etter idretten sine sunne verdiar.

### Konsept

Klubben ynskjer å skape ein biljardsalong for alle, med særleg satsing på aldersgruppa 10 til 18 år. I fyrste omgang planlegg klubben å halde ope tre dagar i veka, kl. 18-23, og desse kveldane vert opne for alle. Sidan kveldstid kan vere vanskeleg særleg for dei yngste, kjem dei også til å ha ope enkelte gongar i helgane. Ved stor pågang skal ikkje «etablerte» spelarar legge beslag på borda. Klubben har som motto: «Rekruttering fyrst, ALLTID».

Klubben ynskjer ein plass både for dei som vil ha biljard som sport, men også for dei som bere vil slå eit slag med venner for moro skyld i ny og ne.

Herøy Biljardklubb har lykkast med å skape landslagsspelarar. I år fekk dei fram Matias Sætre frå Larsnes, som i desse dagar spelar EM for junior (U-19) i Slovenia.

Biljard skal vere hovudfokus, men dersom økonomien opnar for det, ynskjer klubben også å utvide med aktivitetar som bordtennis og dart m.m.

### Pilotklubb:

Norges Biljardforbund har utnemnt Herøy Biljardklubb som pilotklubb, med eit tilskot på kr 10 000 pr. år øyremerkta talentsatsing. I tillegg får ytterlegare tre av klubbens medlemmer opplæring i regi av Norges Biljardforbund, for å lede ungdomsarbeid og talentsatsing. Klubben har solide, erfarne bidragsytarar som tek vare på både topp og bredde.

### Lokalar:

Klubben disponerer eit lite privat kjellarlokale, og har sett nødvendigheita av eit nytt lokale for å ta vare på den auka interessa for sporten. Men dei treng lokalar i ein annan målestokk enn private kjellarar, og vil då kunne arrangere norgescupar som er ei nødvendighet for å behalde spelarar i kommunen. Klubben har lykkas med å finne eit eigna lokale i Nørvåg, i 2. etasje på Dyrkorn-bygget. Her vert det også eit treningsstudio, og over vegen held Nerlandsøy Paintballklubb til. Klubben meiner at desse tre kan nytte kvarandre til å skape eit aktivitetsområde i ein del av Fosnavåg som både er sentralt og som har forsvarlege leigepriiser.

### Økonomi:

Kostnad for å delta på klubben sine aktivitetar skal vere lav, spesielt for U19 spelarar. Årsavgift blir kr. 50 for junior, og dei kan spele heile kvelden for kr. 20, eller til kr. 10 pr. time. Det er eit ynskje at alle som spelar teiknar seg som medlem av Herøy Biljardklubb.

Herøy Biljardklubb søker Herøy Kommune om tilskot frå kulturmidlane - eingongsinvestering til:

4 stk biljardbord med utstyrspakke:	kr. 104 000
Inventar, øvrig utstyr:	kr. 20 000
<u>Oppgradering lokaliteter:</u>	<u>kr. 10 000</u>
<u>SUM:</u>	<u>kr. 134 000</u>

Klubben ynskjer at søknaden om nødvendig vert lyfta opp utover kulturmidlane med ei ramme på kr. 134 000, øyremerkta investeringsbudsjettet.

### Driftsbudsjett:

#### Månadlege utgifter:

Data/media/tv:	kr. 1 100
Husleige inkl. strøm	kr. 6 200
<u>Driftsartikler:</u>	<u>kr. 1 000</u>
<u>Sum utgifter pr mnd:</u>	<u>kr. 8 300</u>

#### Månadlege inntekter:

Bordleige:	kr. 3 000
Kiosksalg:	kr. 1 500
<u>Driftssponsorer:</u>	<u>kr. 4 400</u>
<u>Sum inntekter pr mnd:</u>	<u>kr. 8 900</u>

Årsresultat: kr. 7.200

### Sponsorar:

Ein langvarig prosess har gitt biljardklubben desse driftssponsorene som har teikna seg for 3 år, med opsjon på nye 3 år: Møretrygd, Remøy Shipping, Havyard, Meny Fosnavåg, Olympic, Sparebanken Møre, Bourbon Offshore, Rem Offshore, Marin Teknikk AS, Saxett, Fellesforbundet avd. Ulsteinvik og Ulstein Verft.

Klubben har inne søknad som mottakarar av midlar frå Max Bingo i Ulsteinvik, samt at det vert arbeidd med å skaffe klubben midlar frå diverse fond.



### **Vurdering og konklusjon:**

Søknaden frå Herøy Biljardklubb oppfyller kulturmidlane sine retningsliner for tilskot til eingongsinvesteringar.

Ved tilskot til eingongsinvesteringar seier retningslinene at:

- maksimumsbeløp for tildeling er kr. 40 000
- dekninga skal ikkje overskride ¼ del av kostnadane

Herøy Biljardklubb har søkt om eit tilskot på kr. 134 000. Slik rådmannen vurderer søknaden, utgjer dette 100 % av kostnadane. Med utgangspunkt i kriteria for tildeling kan klubben tildelast ¼ del av beløpet på kr. 134 000.

Rådmannen tilrår difor at komiteen for næring, kultur og idrett gjev tilsegn til biljardklubben om kr. 33 500 i eingongstilskot.

Vidare skriv Herøy Biljardklubb i sitt brev «...at søknaden om nødvendig vert lyfta opp utover kulturmidlane med ei ramme på kr. 134 000, øyremerka investeringsbudsjettet.»

Herøy kommune har ein stram økonomisk situasjon, og rådmannen vil ikkje tilrå at det blir gitt tilskot ut over kulturmidlane.

Med omsyn til kommunale investeringar for 2014, så vert slike øyremerka konkrete satsingar i forbindelse med at budsjettet vert vedteke, og ingen av desse postane er retta mot tiltak tilsvarande det som Herøy Biljardklubb her har søkt om. Rådmannen oppmodar difor biljardklubben til å søke andre tilskotsordningar for å dekke resten av kostnadane.

Rådmannen meiner at aktiviteten Herøy Biljardklubb her legg til rette for er eit viktig bidrag for å sikre god bredde i fritidstilbod særleg for born og unge. Aktiviteten rettar seg både til innbyggjarar og besøkande i Herøy, samt kommunane i kring.

### Konsekvensar for folkehelse:

Herøy Biljardklubb legg til rette for å skape ein stabil og god møteplass med sunn aktivitet. Dette er forventa å verte eit viktig bidrag til folkehelsa for dei som nyttar seg av aktiviteten.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

### Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2014.

Fosnavåg, 20.08.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Kulturleiar

## Eileen Gjerde

---

**Fra:** Erlend Krumsvik  
**Sendt:** 4. august 2014 10:42  
**Til:** Arkiv; Eileen Gjerde  
**Kopi:** Andreas Kvalsund  
**Emne:** VS: Søknad om kommunale midler, engangsinvestering, Herøy Biljardklubb  
**Vedlegg:** Prospekt Herøy Biljardklubb(2).docx

Til handsaming i kulturavdelinga.

Helsing

**ERLEND KRUMSVIK**

Rådmann

7008 1356/ 4104 0838

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Geir-Ivan Torvik [<mailto:gitorvik@hotmail.com>]  
**Sendt:** 4. august 2014 08:14  
**Til:** Andreas Kvalsund; Arnulf Goksøyr; Erlend Krumsvik  
**Emne:** Søknad om kommunale midler, engangsinvestering, Herøy Biljardklubb

Viser til tidligere korrespondanse med kulturleiar, og søker herved Herøy Kommune om støtte til Herøy Biljardklubb sin satsing på ungdommene i kommunen.

4 stk biljardbord med utstyrspakke:	104.000 kr
Inventar, øvrig utstyr:	20.000 kr
Oppgradering lokaliteter:	10.000 kr
<b>SUM:</b>	<b><u>134.000 kr</u></b>

### Driftsbudsjett:

#### Månedlige utgifter:

Data/media/tv:	1.100 kr
Husleige inkl. strøm	6.200 kr
Driftsartikler:	1.000 kr
<b>Sum utgifter pr mnd:</b>	<b><u>8.300 kr</u></b>

## Månedlige inntekter:

<b>Bordleige:</b>	<b>3.000 kr</b>
<b>Kiosksalg:</b>	<b>1.500 kr</b>
<b>Driftssponsorer:</b>	<b>4.400 kr</b>

**Sum inntekter pr mnd: 8.900 kr**

**Årsresultat: 7.200 kr**

En langvarig men etterhvert fruktbar prosess har gitt oss disse driftssponsorene som har tegnet seg for 3 år, med opsjon på ytterligere 3 år:

Møretrygd, Remøy Shipping, Havyard, Meny Fosnavåg, Olympic, Sparebanken Møre, Bourbon Offshore, Rem Offshore, Marin Teknisk AS, Saxett, Fellesforbundet avd. Ulsteinvik og Ulstein Verft.

I Juni måned forhandlet vi med Robert Voldnes om leige av lokaler mellom Statoil og Fosnavåg Bilverksted. Det brøt sammen grunnet at Fosnavåg Bilverksted ønsket å benytte seg av opsjonen på kjøp av lokalene. Vi har lyktes med å finne ett egnet lokale i Nørvåg i 2. etasje på Dyrkorn-bygget. Her blir det også ett treningsstudio ledet av Konstanse Torgersen, og over veien holder Nerlandsøy Paintballklubb hus. Vi ser at vi kan nytte hverandre til å skape ett aktivitetsområde i en del av Fosnavåg som både er sentralt og som har forsvarlige leigepriser.

Vi har inne søknad som mottaker av midler fra Max Bingo i Ulsteinvik, det ser ut som vil gi oss ytterligere solidt grunnlag for driften.

I tillegg jobbes det med å skaffe klubben midler fra diverse fond, herunder sparebankenes fond osv...

Norges Biljardforbund har utnevnt oss som pilotklubb, en ramme på kr 10.000,- pr år som øremerkes talentsatsing. I tillegg kurses ytterligere tre av klubbens medlemmer i regi av Norges Biljardforbund, for å lede ungdomsarbeid og talentsatsing.

Klubben har solide erfarne bidragsytere som tar vare på både topp og bredde.

Det er hyggelig å vise til at Herøy Biljardklubb lyktes med å skape landslags-spillere, i år fikk vi frem Matias Sætre fra Larsnes som i disse dager spiller EM for junior (U-19) i Slovenia. Men vi trenger lokaler i en annen målestokk enn private kjellere, og vi vil da kunne arrangere Norgescuper som er en nødvendighet for å beholde spillerne i kommunen.

<http://www.biljardforbundet.no/>

<http://www.billiardapps.com/drawresults.asp?db=epc&client=&eventnr=2014110&header=no&eventheader=yes&showtabs=yes&tab=Tournament&footer=yes&tournament=J10>

Vi ønsker at søknaden om nødvendig løftes opp utover kulturmidlene med en ramme på kr 134.000 kr,

øremerket investeringsbudsjettet.

Vi ønsker ett hurtig svar fra kommunen, vi har ingen tid å miste.

For styret i Herøy Biljardklubb

Geir Ivan Torvik  
TLF 91106969

**PROSPEKT**

**«SPONSOR 2014»**

**HERØY BILJARDKLUBB**

## HISTORIEN

Ungdommen i Herøy hadde i lang tid etterspurt et fritidstilbud for inaktiv ungdom, og Kometen Biljardsalong blei en realitet i 1992. Herøy Biljardklubb ble stiftet 8. august 1992 i lokalene til Kometen Biljardsalong, og i en årrekke var det et populært tilbud der ungdommen kunne aktiveres utover håndball og fotball.



Sekretær i Herøy Biljardklubb, Bjarne Pettersen kunne ønske velkommen det første medlemmet i klubben, Belinda Selvåg. Klubben vokste raskt, hadde jevnlig treningskvelder og turneringer, og det var et svært populært og rusfritt fritidstilbud for ungdom, men også godt voksne medlemmer sette pris på en gøyal hobby.

Klubben vokste raskt og i løpet av dei to første årene så tegnet over 100 personer seg som medlem, og aktiviteten var stor rundt bordene.

Kometen Biljardsalong fikk livsstils-prisen for ungdomsarbeidet sitt i 1995.

*Sunnmørspost. 12 juni 1995*

# Kometen tok prisen

– Eg er sjølvsagt glad for denne prisen, men vi pliktar sjølvsagt å følgje opp, sa Magne Kopperstad ved Kometen Biljardsalong.

Jarle Mordal

I går kveld fekk han overrakt livsstilprisen som Jan Åge Fjørtoft årleg deler ut.

Det er i samband med den årlege fotballskulen som Jan Åge Fjørtoft avviklar at livsstilprisen vert delt ut. Blant anna har Sande kommune fått denne prisen som går til dei som tenker på eit rusfritt miljø.

– Vi er særst firkanta hos oss når det gjeld alkohol. Det skal vi halde fram med, sa ein av eigarane ved Kometen Biljardsalong i Fosnavågen, Magne Kopperstad til Sunnmørsposten i går kveld. Han driv salongen saman med Henning Solem.

Sjekken på 3.000 kroner kom godt meinte Kobberstad då dei nyleg har gjort utbedringar ved Kometen.



ULSTEINVIK ORANJ 3000,-  
TRE TUSEN KRONER  
KOMETEN BILJARDSALONG  
FOTBALLSKULEN  
-95

Jan Åge Fjørtoft delte i går ut sin livsstilpris i samband med fotballskulen han arrangerer. Prisen gjekk til Kometen Biljardsalong i Fosnavåg, her er sentrale personar frå utdelinga i går samla, frå venstre; Adne Sandanger, Magne Kopperstad, Petter Guskevik og Jan Åge Fjørtoft.

(Foto: Jarle Mordal)

En stolt Magne Kopperstad innfridde lovnadene og utvidet Kometen Biljardsalong med spiseri og flere sitteplasser. I tillegg fikk salongen et løft med flere aktiviteter som pilkast, bordtennis og snookerbord. To nye biljardbord blei også montert opp.



Eierne av Kometen Biljardsalong, Magne Kopperstad, Henning Solem og Håkon Storøy kunne ønske velkommen til nyåpning i 1993, og Herøy Biljardklubb kunne arrangere Norgescup i lokalene med 6 biljardbord tilgjengelig.



# Sterk Herøy-innsats i norgescup biljard



\* Trioen fra Herøy biljardklubb som tok del tre første plassane. F.v. Helge Gjerde (2), Bjarne Pettersen (1) og Magne Kopperstad.

Resultatene lot ikke vente på seg, og både Ålesund Biljardklubb, Trondheim Biljardklubb og Molde Biljardklubb deltok i den første Norgescupen, men målrettet arbeid gav Herøy Biljardklubb en flying start.

Totalt 22 spillere var med i Norgescupen fra Fosnavåg i 1995/96, og klubben var på full fart inn i Norgestoppen divisjon B Midt.

I Old Boys-klassen var det en gammel kjenning som leverte varene.




Men det var rekruttering og ungdomsarbeid som hele tiden var hoved-fokuset, og dei etablerte sine bragder kom godt med i talentarbeidet.

## REKRUTTERINGEN

Jan Ove Hansen og Laila Bergsnes leverte gode resultater i junior-klassen, og etter to år som noen av landets ypperste junior-spillere, var det en stolt klubb som kunne feire landslags-uttak for to ungdommer fra Fosnavåg.



Miksen mellom gamle etablerte, og unge svoltne, gjorde at Herøy Biljardklubb blei en foregangs-klubb i Norge, og klubben fikk en høy status for sitt gode arbeid. Enormt mange treningstimer med gode instruktører var veien å gå.



Den aller yngste som noen gang har representert Norge i biljard, var 15-åringen Sindre Myklebust frå Herøy Biljardklubb. Og det var en stolt klubb som fikk nok engang vise at rekrutteringsarbeidet var solidt.

Etter mange år med solid drift så måtte Kometen Biljardsalong søke Herøy Kommune om støtte til sitt ungdomsarbeid, da den finansielle situasjonen blei vanskelig. Men kommunen hadde egne planer om en fritidsklubb på Herøy Kulturhus, og det blei en faktor som gjorde at eierne i Kometen Biljardsalong kastet kortene.

Herøy Biljardklubb flyttet en kort periode inn i kjellerlokalene i Elfo-bygget. Aktiviteten var fortsatt stor, men med dyre nyinvesteringer så blei det vanskelig, og ungdommen blei igjen stående uten et populært tilbud. Klubblokalet blei drevet med dugnadsånd, og i en periode med nøkkel-medlemmene opptatt med familie, husbygging og andre prioriteringer, så da såg ikke klubben noen mulighet til å opprettholde et tilbud basert på nok profitt til å holde sine faste kostnader.

## **FREMTIDEN**

Herøy Biljardklubb har vært i aktivitet i lokale kjellere i tiden etter Elfo-bygget, og klubben er fortsatt aktiv med sine 20 medlemmer. Det kommer stadig forespørsler om å få tilbake et fritidstilbud for ungdom, og nå har flere av dei voksne medlemmene mere tid til å ta seg av rekrutteringen. Et sterkt ønske om å skape en ny salong gjør at klubben igjen ser muligheten til å skape ett nytt miljø, og i dag har klubben hjelp av Grasrotandelen fra Norsk Tipping, noe som sikrer driften på en bedre måte. I tiden i Elfo-bygget var ikke dette innført.

Herøy BK har i dag en svært lovende junior i 17 år gamle Matias Sætre. I sin aller først Norgescup gjekk an heilt til topps, dette har bare skjedd en gong tidligere i Norge. I ettertid har han følget opp med flere topplasseringer, både for senior og junior klassen. Dette gjær at han aspirerer til en plass på junior landslaget, som reiser til EM til sommeren.

Vi veit at det er flere av hans kaliber på ytre søre, og vi er sikre på at Herøy BK rent faglig er kapable til å videreutvikle disse. Det er på anleggsiden vi har dei største utfordringene.

Norges biljardforbund har utnevnt Herøy BK til Pilot klubb i 2014, som en av seks klubber i landet. Kva er en Pilotklubb? Vennligst sjå **Vedlegg 1**

### **Målsetningen til Herøy Biljardklubb.**

Klubben blir drevet på non-profit basis, der eventuelle overskytende midler blir brukt direkte til medlemmene, herunder utstyr, turneringsdeltagelser, tilpasning for trening o.l. Det vil under ingen omstendigheter brukt midler til annet enn tiltak som fronter verdiene om et rusfritt miljø. Herøy Biljardklubb er medlem i Norges Idrettsforbund og som idrettslag plikter vi å ha politiattest for å utøve rekrutteringsarbeid, og ha ledere som er informert om normene for korrekt ungdomsarbeid. Herøy Biljardklubb skal være en foregangs-klubb og ta vare på en stolt historie. Klubben skal innen 2020 ha utøvere i Norges-toppen og på yngre landslag. Herøy Biljardklubb skal til enhver tid fronte MOT sitt arbeid, og drive etter idrettens sunne verdier.

### **Konsept**

Vi ønsker å skape en biljardsalong for alle, men i sær ønsker vi å satse på aldersgruppa fra 10 til 18 år. I første omgang har vi tenkt å halde åpent 3 ganger i veka (18-23), disse kveldene vært åpen for alle. Ved stor pågang skal ikke vi «etablerte» legge beslag på borda. Mottoet blir «Rekrutering først, ALLTID»

Her kommer vi til å legge oss på en svært lav pris, spesielt for U19 spelarar. Vi ønsker at alle som spelar tegner seg som medlem av Herøy BK. Årsavgift blir da 50kr for Junior, og dei får da spele heile kvelden for kr.20 eller 10 kr timen.

Ellers kommer vi til å profilere oss på div. sosiale medier. Der vil vi legge ut all relevante info, der i blant kjem vi til å opplyse om der er folk utenom ordinære åpningstider. Det vil da bli anledning for alle å komme innen for dei klokkeslett som blir oppgitt.

Siden kveldstid kan være vanskelig særlig for dei yngste, kjem vi også ha åpent enkelte ganger i helgane. ( dette vil vi også annonsere på sosiale media og via oppslag i lokalet).

Som eit viktig ledd i rekrutteringsplanene, kjem vi til å innlede kontakt med grunnskulen. Då kjem vi til å inviter til samlinger, der vi stiller med instruktører som forklarer regler og grunnleggende teknikk for å spele biljard. Her får skule å foreldre være med å bestemme kva tid som passer best. Dette for å være mest mulig smidig, i forhold til lekser, fritids aktiviteter, osv.

Etter kvart som nivået blir betre, vil vi legge opp til treninger leda av kursa trenarar. Dette vil vel og merke for dei som vil ta steget vidare, og treningsøktene blir utenom dei ordinære åpningstidene. Vi ønsker en plass både for dei som vil ha biljard som sport, men også for dei som bere vil slå eit slag med venner for moro skyld i ny og ne.


Når vi er kommet over innkjøringsperioden og vi har fått mange nye biljardspelarar, håper vi at konseptet kan utvikles enda mer.

Biljard vil sjølvsagt være hovedfokus, men vi ønsker også å få til tildømmes bordtennis og dart. Lyd, bilde og wifi er også i planene, slik at dette skal bli en god plass å tilbringe litt tid. Økonomien vil styre kva en kan tilby utenom biljard.

### **Kvifor?**

Noke av de unike med biljard er at du kan drive med dette uansett alder, vekt og kjønn. Alle har samme forutsetning for å lykkes.

Vi i Herøy BK meiner dette vil øke mangfoldet i kommunen, og dermed være med å gjære Herøy til en betre stad å bu.



### Sponsorpakke.

Hovedsponsor A: 5000,- + bet av egen profilering : Havyard, Meny Fosnavåg, Olympic, Sparebanken- Møre, Bourbon Offshore, Rem Offshore, Marin Teknikk AS, Remøy Shipping,

4 ledige som A-sponsor

Hovedsponsor B: 3000,- + bet av egne profilering: Saxett Frisør Fosnavåg, Fellesforbundet, Ulstein Verft

5 ledige som B-sponsor

Alle sponsor pakker gjelder for 3 år.

### Kva vil dette gi deg som sponsor.

- Medvirkning til å utvide fritidstilbud i Herøy og omegn
- Positiv eksponering i media.
- Profileringa av firma navn på klubbantrekk, kø-bagger og i spelelokalet.
- Teambuilding kveld for din bedrift (m/instruktør ved ønske)

Klubben har avtale med Sunnmørsposten og Vestlandsnytt om å fronte satsingen når sponsorene er på plass.

Vil din bedrift bidra?

### STYRET I HERØY BILJARDKLUBB:

Bjarne Pettersen, Formann

Dag Arve Gjerde, Nestformann

Jan Ove Hansen, Kasserer

Henning Solem, Sekretær







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2014/1427
		Arkiv:	143

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
